

**Fartsgrenser Nordbø**

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) vedtok tysdag nye fartsgrenser på Nordbø. Øvre del av Nordbøvegen får 40 km fartsgrense frå der Gregarsveg møter Nordbøvegen. Nordbøberga får også 40-grense, medan det i Nordbølia blir ei 30-sone. Frå tidlegare vedtak i 1999 var det fastsett 50-grense i Nordbøvegen.

**Vedtøk utbygging**

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) vedtok tysdag å utsetje ei dispensasjonssak om oppføring av ein to-mannsbustad på eigedomen gnr 47, bnr 345, Grivivegen 34 B og C. Området ligg i Kommuneplanen sin arealdel 2015- 2027 som bustadområde og grensar inn til plan for Grivi Gard som sist blei endra 03.12.2013. Det har kome inn naboprotest frå eigar av gnr 47, bnr 146, Grivivegen 36. Utvalet trekte saka frå møtet då det i siste liten kom inn ny informasjon både frå naboar og andre aktørar.

**Tips kánn:**

redaksjon@boblad.no  
Tlf. 35 95 19 45

# – Me treng informasjon

**Kommunestyret har bestemt at dei som fyller 16 år i år skal få vere med og stemme over om Bø skal slå seg saman med Nome og Sauherad. Ungdommane vil, men dei treng informasjon.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Ole Skalstad, Liv Aarebakk og Sivert Espedalen er tre av 16-åringane som kan få vere med å bestemme om det skal bli kommunesamanslåing dersom politikarane godkjenner intensjonsavtala i dag, torsdag. Dei er elevar ved Bø ungdomsskule.

– Har de følgd med på kva det handlar om?

– Ikkje så veldig mykje, seier Espedalen.

Aarebakk har høyrte litt men ikkje mykje, det same er tilfelle for Skalstad.

– Kva tenkjer de om å vere med å bestemme?

– Det er bra, men me bør ta det opp på skulen slik at me får vite kva me stemmer på, meiner Aarebakk.

– Korleis ønskjer de å få informasjon?

– At det blir teke opp i timen, meiner Skalstad.

**Både det positive og negative**

Aarebakk ønskjer at ein får informasjon om både positive og negative effektar av ei kommunesamanslåing. Ikkje berre ”å det skal bli så bra” og så blir det ikkje det.

Espedalen trur også at det er best at det blir informert på skulen.

– Folkemøte?

– Ingen kjem på folkemøte, seier dei bestemt.

Olav Kasland har plukka opp ein ide frå Hjartdal der ein kan setje ei øvre aldersgrense på kven som får kome på møte, for eksempel 30 år. Det tre er usikre på om det vil hjelpe. Informasjon på Facebook har dei heller ikkje så stor tru på.

– Eg er ikkje så mykje på Facebook, seier Aarebakk.

– Det er vanskeleg å få oss interessert i politikk, trur Skalstad.

– Har de ikkje eit ansvar sjølve for å skaffe dykk informasjon?

– Me burde kanskje interessert oss meir for det, seier Espedalen.

Aarebakk er einig.

– Me skjønner ikkje heilt konsekvensen, legg ho til,

**Fryktar skulesamanslåing**

– Kva trur de ei kommunesamanslåing kan føre til?

– Skulesamanslåing, trur Skalstad.

Det håpar Aarebakk er feil.

Kjem legesenteret og tannlegekontoret til å bli flytta, lurer dei også på. Kva som skjer med institusjonar som dei unge brukar er slikt som dei tre gjerne vil ha svar på.

– Eg trur det hadde vore bra om politikarane kom på møte på skulen, seier Espedalen.

– Kjem de til å stemme?

– Dersom eg får nok informasjon slik at eg er sikker på kva eg skal stemme så gjer eg det, seier Aarebakk.

Skalstad er einig. Dersom ein får informasjon nok, så vil han stemme. Det same gjeld for Espedalen.

– Men eg vil ikkje stemme berre for å stemme, seier han.

**Positiv rektor**

Olav Kasland sa i kommunestyremøtet måndag at det blir arbeidd med ein informasjonsplan. I den ligg det blant anna at ein ønskjer å få temaet inn i samfunnsfag i skulen. Det stiller rektor på Bø ungdomsskule seg positiv til.



**Vil stemme.** Dei tre 16-åringane vil bruke stemmeretten dersom dei får nok informasjon. F.v. Ole Skalstad, Sivert Espedalen og Liv Aarebakk.

– Dette er viktige samfunnsfaglege perspektiv, seier Gisle Bonna Espedalen.

Men han trur at om det skal bli interessant for elevane må også politikarane kome og snakke og ikkje bare overlata det til lærarane.

– Elevane er ikkje så politisk interessert at dei skaffar seg informasjon, men får dei informasjonen servert, så vil fleire stemme, seier Espedalen.

## Følgjer ikkje opp sjukmelde

**Telemark kommunerevisjon har gått gjennom rutinane i Bø kommune når det gjeld sjukefråvær. Konklusjonen er at kommunen har gode verktøy, men leiarane følgjer ikkje opp.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det er kontrollutvalet som har gitt Telemark kommunerevisjon i oppdrag å gjennomføre ein

forvaltningsrevisjon av Bø kommune. Kommunerevisjonen har sett på om kommunen jobbar målretta og systematisk med å få ned sjukefråværet og i kva grad dei sjukmelde blir følgde opp av arbeidsgjevar. Det er sjekka ved fem avdelingar, blant dei to ved sjukeheimen.

**Har verktøy**

– Kommunen har verktøy som dei tilsette skal bruke og som er godt forankra, som Langtidsfrisk, planar for arbeidsmiljø og

med å redusere risiko for sjukefråvær. Men verktøy som Langtidsfrisk blir ikkje brukt, sa Geir Kaste Dahle i kommunerevisjon til kommunestyret sist måndag.

Når det kom til oppfølging av dei sjukmelde så fann Kaste Dahle at det er lite som skjer dei første fire viktige vekene etter sjukmelding. Det er i alle fall ikkje skrive noko om oppfølging der slikt skal skrivast.

**Følgjer ikkje rutinane**

Han fann at kommunen har ru-

tinar for korleis dei sjukmelde skal følgjast opp og det blir gitt opplæring i systema.

– Vår undersøking syner at leiarane ikkje gjennomfører oppfølging av sjukmelde i tråd med rutinane, skriv Dahle i rapporten.

Det er i liten grad fylt ut oppfølgingsplanar og det er gjennomført færre dialogmøte enn venta.

– Me har ikkje funne spor av dialog mellom leiar og sjukmeld frå perioden fram mot fire veker

sjukmeld, står det i rapporten.

– Det er naturleg å tru at nokre av sjukefråværstilfella me har gjennomgått, har vore av ein slik karakter at det har vore eller burde ha vore skrifleggjort dialog, sa Kastet Dahle.

Politikarane var godt tilfreds med å få rapport om tilstanden. I vedtaket heiter de at administrasjonen skal kome tilbake og rapportere om korleis ein følgjer opp rapporten.